

53 lag i SPAR-CUP på søndag.

29.08.2012



SPAR-CUP er GØY!!!(Foto: Uskedal il.)

**Det er påmeldt 53 lag til SPAR-CUP på Heio førstkommande søndag. Spelarane fordeler seg på aldersgruppa 2002-2006. Alle lag får spela minst 3 kampar og tilsaman vert det spela over 80 spanande fotballkampar fylt med speglede og humør.**

**Fullt kampoppsett finn de på [www.uskedal.il.no](http://www.uskedal.il.no)**

Laga kjem frå Odda og Kvinnherad. 53 lag er truleg rekord for denne tradisjonsrike turneringa. Dersom vergudane legg godsida til vert det ein strålende fotballfestdag. Heio er i glimrande forfatning etter at den nye banemeisteren Steinar Haugland har gjeve den godt stell.

Arrangørane understrekar at dei er svært takknemlege for at SPAR Uskedalen også i år er ein viktig bidragsytar til cupen.

Elles er det mange frivillige som gjer ein stor dugnadsinnsats denne dagen. Turngruppa vil stå for sal av pølser, brus, kaffi, kaker m.m. Skigruppa vil ha ansvaret for trafikkavviklinga og parkering, medan fotballgruppa har ansvaret for rigging av telt, merking av banar og avvikling av kampane.

Det kan ikkje vera tvil; Heio er plassen for ein riktig så triveleg søndag!!

Av: Thor Inge Døssland.